



KRAV TIL SØKNAD OM AUTORISASJON KONSERVATOR NMF

Utdanning

- Magistergrad (mag. art), laudabelt hovudfag (cand. philol. eller tilsvarande) eller mastergrad med karakterane A–C. Svakare karakterar kan kompenseras med sjølvstendige vitskapelege arbeid utover minstekravet.

Forskningsarbeid – krav til innsendte arbeid

- For søkjarar med mastergrad: Eitt større vitskapeleg arbeid, eller tre vitskapelege artiklar.
- For søkjarar med hovudfag/magistergrad: Eitt større vitskapeleg arbeid, eller to vitskapelege artiklar.

Med eit større vitskapeleg arbeid meiner vi til dømes ei bok.

Med vitskapeleg artikkel meiner vi ein artikkel av eit omfang tilsvarande vanleg praksis i faget på det tidspunkt den vart publisert.

Dei vitskapelege arbeida som inngår i søknaden skal vere publisert, eller antatt for publisering. Dei innsendte tekstane må følgje praksis for vitskapeleg publisering innan det aktuelle faget. Masteroppgåve eller andre eksamensoppgåver blir ikkje rekna som vitskapeleg publikasjon i denne samanheng og kan heller ikkje inngå i søknaden. Dei vitskapelege arbeida skal innehalde nytt materiale, vinkling eller originalitet i forhold til magister-, hovudfags-, eller mastergradsoppgåva. Dersom temaet for dei vitskapelege arbeida er i slekt med temaet for masteravhandlinga, må dei vitskapelege arbeida verta tilført vesentleg nye perspektiv eller resultat.

Arbeida skal innehalde tilfredsstillande metodebruk, utgreiing for kjelder og teoribruk samt referanseføring over litteratur. Dersom det er vitskapelege arbeid som tangerer kvarandre tematisk og baserer seg på det same kjeldematerialet, vil ikkje disse kunne godkjennast som sjølvstendige arbeid.

Populærvitskapelege arbeid kan i nokon tilfelle supplere dei vitskapelege arbeida.

Døme på populærvitskapelege arbeid vil vere ein tekst som formidlar vitskapeleg kunnskap til eit bredt publikum. Populærvitskapeleg publisering kan skje i mange kanalar og sjangrar.

Arbeid med fleire forfattarar:

Dersom eit vitskapeleg arbeid har fleire forfattarar, skal den sjølvstendige innsatsen til søkjaren kunne identifiserast. Det må leggjast ved ei stadfesting frå redaktør eller medforfattar i tillegg til ei utgreiing for eige bidrag.

Arbeidet skal vere publisert eller antatt for publisering. Normalt vil artiklar frå publiseringskanalar på nivå 1 eller 2 bli godkjent, men også andre publiserte artiklar vil bli vurdert for godkjenning. Avhandling (master- eller hovudfagsavhandling) teller ikkje som vitskapeleg arbeid. Populærvitskapelege arbeid kan i nokre tilfelle supplere dei vitskapelege arbeida.

Dersom eit arbeid er underkjent i ein tidlegare søknad, kan det ikkje inngå i ein ny søknad.

Museumspedagogisk arbeid, konserveringsarbeid eller utstillingsarbeid, kan erstatte eller supplere eit vitskapeleg arbeid. Grunngeving med faglege og vitskapelege refleksjonar samt dokumentasjon skal leggjast ved. (Sjå spesifisering av krav under, og punkt 6 i skjemaet.)

Komiteen kan be om utfyllande opplysningar til museumsfaglege arbeid som er vedlagt til erstatning for eit vitskapeleg arbeid.

Spesifisering av krav til dokumentasjon av relevant utstillingsarbeid for søknad om konservatortittel

Grei ut og dokumenter følgjande:

- Konseptet for utstillinga og det vitskapelege perspektivet som utstillinga er basert på og søkars eige bidrag til dette.
- Gjennomføringa av utstillinga (dei involverte og rollefordelinga, få fram ditt eige bidrag).
- Verksliste, utstillingsstad, areal og varigheit.
- Presentasjonen og formidlinga av utstillinga.
- Resepsjonen av utstillinga.
- Søkars spesifikke rolle i utstillingsarbeidet og søkars eige refleksjonar rundt kva slags val som er gjort i vektlegging av perspektiv og val av gjenstandar og illustrasjonar.

Museumspraksis

Minimum to års variert museumspraksis. Inntil eitt års museumspraksis kan kompensere ved anna relevant praksis.

Vi ber om at det vert gjeve utfyllande informasjon om kva dei ulike erfaringane består av, til dømes kva utstillingar søkjar har hatt særleg ansvar for, kva slags oppgåver innan samlingsforvaltning og formidling ein har hatt.

Søknaden om autorisasjon som konservator NMF skal innehalde følgjande:

- 1 Utfylt søknadsskjema (sendast elektronisk i Word-format, merkt med søkars namn).
- 2 Kopi av bekrefta vitnemål (sendast elektronisk, sjå under). Ved grad avlagt ved utanlandsk universitet, må godkjenning frå NOKUT eller andre godkjenninginstansar leggjast ved.
- 3 Eit eksemplar av magister-, hovudfags- eller mastergradsoppgåva. (Kan også sendast elektronisk.)
- 4 Dokumentasjon av museumspraksis med attest frå arbeidsgivar (sendast elektronisk, sjå under).
- 5 Vitskapelege arbeid, maks. 5 (**2 sett dersom dei vert sendt fysisk**, kan også sendast elektronisk).
- 6 Populærvitskapelege arbeid, maks. 5 (**2 sett dersom dei vert sendt fysisk**, kan også sendast elektronisk).
- 7 **Liste over alle søkars publiserte artiklar, vitskapelege og populærvitskapelege.**

Vi ser at vedlegga knytt til punkt 2 og 4 vert sendt elektronisk i ein samla PDF fil, merka med søkjaren sitt namn. Vi ber også om at elektroniske publikasjonar blir merka med søkjaren sitt namn og tittel. Vedlegga må vere i eit leseleg format.

Arbeid innlevert for vurdering kan ikkje trekkast tilbake.